



Notat

Dato: 13.05.2019
Arkivsak: 2019/11302-2
Saksbehandlar: ingsetr

| | |
|-------------|--|
| Til: | Utval for miljø og samferdsel Utval for kultur, idrett og regional utvikling Fylkesutvalet |
| Frå: | Fylkesrådmannen |

Travel like the locals – Reis som dei lokale

Bakgrunn

Om Travel like the locals

Travel like the locals er ei løysning for å synleggjere kollektivtransporttilbodet for tilreisande på ein enkel måte, og fyller opp tomme seter på eksisterande ruter for buss, båt og tog som vil gje positive ringverknadar for reiselivsnæringa. Møre og Romsdal var først ute med ei løysning for dette. Prosjektet er no utvida til Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland.

Samarbeid mellom tre fylker

I PS 195/2018 «Midlar til prosjektleiing Travel like the locals» den 21.06.2018 vart det vedteke at Hordaland fylkeskommune gjekk inn i prosjektet Travel like the Locals saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune for å få tilbodet på plass til turistsesongen 2019. Det vart vedteke løyving på kr 300 000 frå Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling (HNN) til dette arbeidet.

Seinare vart det i PS 235/2018 den 19.09.2018 vedteke at Rogaland fylkeskommune også skulle delta i samarbeidet.

Dei tre fylkeskommunane har løyvd tilskot på kr 300 000 kvar, samla kr 900 000 til prosjektet. I tillegg har det vorte løyvd 70 000 kr i eigeninnsats frå destinasjonsselskapa i kvart av dei tre fylka, samla kr 210 000. Totalbudsjettet for prosjektet er 1,1 mill kr.

Organisering og rollefordeling

Fylkeskommunane v/næring er prosjekteigarar. Reiselivsrådgjevarane har vore bindeledd for styringsgruppa, destinasjonsselskapa og prosjektleiar.

Marit Holen frå Møre og Romsdal fylkeskommune er tilsett som prosjektleiar for Travel like the locals. Hennar ansvar har vore finne løysingar, føre dialog med partane i prosjektet, oppstart og oppfølging av prosjektet fram mot lansering og inn i ein innkøyringsfase. Ein del av oppdraget til prosjektleiar har vore å finne ei løysing for eigarskapet av prosjektet frå start. Ein må no jobbe vidare for å finne ei løysing for prosjektstyring når hennar tidsbegrensa oppdrag er over.

Styringsgruppa for Travel like the locals er samansatt av representantar frå dei tre fylkeskommunane Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, kollektivselskapa og NCE Tourism.

Styringsgruppa for prosjektet

| | |
|-------------------------|--|
| Mette Nora Sætre | næringsssjef, Hordaland fylkeskommune |
| Marta Rongved Dixon | næringsseksjonen, Hordaland fylkeskommune |
| Ingeborg Sofie Sætrevik | næringsseksjonen, Hordaland fylkeskommune |
| Eva Signy Johansen | Skyss |
| Oddmund Sylta | (medprosjektleder) Samferdselsavdelinga, Hordaland fylkeskommune |
| Heidi Skifjell, | næringsseksjonen, Rogaland fylkeskommune |
| Randi Klæbo | næringsseksjonen, Rogaland fylkeskommune |
| Svein Ystanes | Kolumbus |
| Endre Høgalmen | næringsssjef Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| Anne Silje Sylvarnes | Næringsseksjonen, Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| Anna Kristina Gytri | Kringom (Sogn og Fjordane fylkeskommune) |
| Dag Aksnes | NCE Tourism. |

Det har vore gjennomført jamlege møter i styringsgruppa for å diskutere ulike problemstillingar og følge framdrifta i prosjektet. Møtene har vore avholdt i dei ulike fylka.

Status for arbeidet

Frå januar til april har det vore jobba med å forankre prosjektet hos fylkeskommunane, trafikkelskapa Kringom, Skyss og Kolumbus og hos reiselivsnæringa, representert ved destinasjonsselskapa.

Fylkeskommunane, trafikkelskapa og destinasjonsselskapa er litt ulikt organisert i dei fire vestlandsfylka, så driftsmodellen frå Møre og Romsdal kunne ikkje utan vidare overførast til dei tre andre fylka. Det var derfor ikkje sjølvstendig kven som skulle ha det operative ansvaret i dei tre «nye» fylka.

Vi har enda opp med ein modell der det er to destinasjonsselskap som har tatt på seg denne jobben. Visit Nordfjord skal ha ansvaret for turane i Sogn og Fjordane, medan Destinasjon Voss har tatt på seg å drifte turane både for Hordaland og Rogaland. Dei andre destinasjonsselskapa og turistkontora skal bidra med marknadsføring og sal.

Turtilbod

Prosjektet er no inne i ein praktisk fase, der vi jobbar med å legge turar inn i bookingsystem og får på plass nødvendige rutinar for sal og oppfølging.

Destinasjonsselskapa har kome med forslag til turar, og i samarbeid med Kringom, Skyss og Kolumbus har vi funne ut kva turar som lar seg gjennomføre. Etter hard prioritering har vi no ei lista over turar for første sesong.

Lista inneheld 21 turar for Sogn og Fjordane, 19 turar for Hordaland og 10 turar frå Rogaland. Grunnen til at talet varierer mellom fylka, har å gjere med kor mange ulike destinasjonsselskap det er i kvart fylke.

Dei fleste av turane er lagt inn i bookingsystemet og lagt ut for sal, men det er framleis nokre turar som manglar nokre avklaringar av moglege avgangstider etc. Dei siste turane vil bli lagt inn så snart som råd, og det kan og kome fleir turar viss vi ser at vi har moglegheit til det før sommarsesongen startar for fullt.

Produkteigarskap

Ein nyttar Trekksoft-løysinga som bookingsystem for turar. Destinasjon Voss og Visit Nordfjord har ansvar for kvar sin Trekksoft-konto for høvesvis Rogaland og Hordaland og Sogn og Fjordane. Prosjektleiari deltek aktivt i det praktiske arbeidet inntil vidare.

Marknadsføring

Det er utvikla ein eigen logo for Travel like the locals. Det er også laga ein reklamefilm på ca 1 minutt for Travel like the locals. Filmen er tilgjengeleg for alle samarbeidspartane, slik at den kan visast på nettstadar og i sosiale mediar. Det er også laga ein miniversjon av filmen på 15 sekunder som kan nyttast til instragram-historiar etc.

[Sjå reklamefilm på youtube.](#)

Prosjektleiari har utarbeidd ei skildring av prosjektet som kan nyttast av destinasjonsselskapa, turistkontor, etc. Det er også laga ein plakatmal og mal til ein A5-flyer som alle involverte partar har fått tilgang til. I tillegg er det utarbeidd informasjonsmateriell til operatørar (busselskap og reiarlag) og sjåførar.

Salsstart

Mange turar er no klare for sal. Dei vil i første omgang bli tilgjengelege for sal via agentinnlogging (destinasjonsselskap, turistinformasjonar), og deretter gjennom ei felles nettside for Travel like the locals. Per 16. mai er det gitt salstilgang til 4 salsagentar og dei kan selje turar frå denne datoen. Resterande agentar vil bli gitt tilgang når dei er klare for det. Innan utgangen av mai reknar vi med at alle salsagentar er klare til å selje. Nettsida vil vere klar innan utgangen av mai.

Vegen vidare

Prosjektet har blitt svært godt motteke i kommunane og i reiselivsnæringa. Reiselivsnæringa og destinasjonsselskapa sitt bidrag har vore viktig for realiseringa av prosjektet.

Erfaringane frå Fram i Møre og Romsdal er at det er lurt å byggje prosjektet over tid. Ein har difor valt å i første omgang rette seg mot dei «lågthengjande fruktene», dei rutane som kan gjerast raskast tilgjengeleg for turistsesongen 2019. På sikt ønskjer ein å tilby fleire fylkesoverskridande rutetilbod.

Det har vore kostnader knytt til oppstart av prosjektet. Eit mål er at prosjektet på sikt skal vere sjølvfinansiert gjennom sal av billetter.

Vedlegg

1 Travel like the locals - Informasjon og oversikt over turer